

Lars Bjørn Lygre
Lurevegen 1498
5912 SEIM

Lygra 29.11.2016

Lindås Kommune
Byggjesaksavdelinga
v/Siril Sylta
Dykkar referanse:16/2423 – 16/32625

Søknad om dispensasjon frå «kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden» ifm. frådeling av ny bustadtomt på Gbnr 58/7 Lygre indre.

Søker med dette om dispensasjon frå **«kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden»** for frådeling av ny bustadtomt med formål å byggja ny einebustad, samt etablering av ny tilkomstveg på Gnr.58/Bnr7 Lygre indre på Lygra.

Begrunnelse:

Årsak til dispensasjonssøknaden er at det omsøkte arealet er avsett til LNF-føremål i kommuneplanen for området.

Gravminne:

I ytterkant på den omsøkte tomten ligg eit gravminne, men dette vil ikkje koma i konflikt med bygningen som er tenkt oppført. Eit alternativ vil også kunne være å flytte tomten litt mot sør/aust.

Avkjørsel:

Når det gjeld den omsøkte avkøyrsla er denne søkt om å flytta slik at det vert felles med avkøyrslle til driftsbygningane på Gnr 58/Bnr 3. Denne vil då dekke all tilkomst til Gnr 58/Bnr 7. Dagens svært uoversiktlege avkøyrslle til Gnr

58/Bnr 7 kan då stengjast. Eksisterande avkjørsle er heller ikkje brukande for den vidare drifta på bruket då det ikkje er mogeleg å svinge mot høgre når ein skal ut på hovudvegen. Ein vil med den nye avkjørsle ikkje oppnå meir enn ca. 65 m sikt mot sør, (80km sone krev 100m) men likevel betydeleg betre enn dagens avkjørsle frå Gnr 58/Bnr 7 der sikt mot nord er tilnærma 0m. Dei fleste avkjørslene på Lygra har dårlegare sikt enn den som er tenkt nytta her, så reduksjon av fartsgrensa til 50km/t på heile Lygra, på linje med dei andre bygdene på strekninga mellom Seim og Lygra, er kanskje den mest trafikksikre løysinga.

Også nyare bygg på Lygra som er bygd på 2000 tallet og seinare har for kort sikt iht. reglane, og desse har fått dispensasjon innvilga.


Det er ingen alternative betre plasser å legge avkjørsle, så me meiner at fordelane her langt overstig ulempene.

LNF område:

Den omsøkte tomten ligg i eit område ikkje egna for jordbruk (anna enn beiting), og ligg i tillegg mellom to andre hus så ulempene med å tillate bygging her må sjåast på som små sett opp mot fordelane. Det er ingen andre tomter til salgs på Lygra p.t., og ein tomt her er relativt lett å opparbeida og ligg i nær tilknytning til veg.

Lygra er i dag prega av ein busetnad med eit stort innslag av eldre personar, der mange av bruka ikkje har fast busetnad, og det er få hus til salgs då dei fråflytta bruka blir nytta som fritidsbustader. Meiner derfor det er viktig å finna løysingar for unge familiar som ynskjer å busetja seg fast i området.

Totalt sett meiner me dette vil gi eit begrensa inngrep i kulturlandskapet, og at det bør kunne gi grunnlag for å innvilge dispensasjon.

MVH

Lars Bjørn Lygre

Lurevegen 1498

5912 Seim

Mob.92206701